

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 18.05.2022

Vår ref.: 201405411-20 Oppgi ved førespurnad

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om uttak av vatn og regulering av Brusdalsvatnet til drikkevassforsyning, Ålesund kommune i Møre og Romsdal

NVE har motteke ein søknad frå Ålesund kommune, datert 20.01.2022, om løyve til uttak av vatn og regulering av Brusdalsvatnet til drikkevassforsyning. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den blir kunngjort av NVE i Sunnmørsposten. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Bjørn Skulstad på tlf. 91670170 eller e-post: bjorn.skulstad@alesund.kommune.no.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på internettsidene våre
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 201405411 i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

innan **30.06.2022**.

Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.

Informasjon til høyringspartane

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Vi viser til vedlagt informasjonsark, som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Her står det også kva vi ønskjer tilbakemelding om.

Skildring av tiltaket

Ålesund kommune sitt vassuttak til drikkevatt i Brusdalsvatnet er innkalla av NVE til konsesjonsbehandling i medhald av vassressurslova § 66. Hovudformålet med innkallinga er å fastsette krav til minstevassføring for å betre forholda for elvemusling og fisk i Spjelkavikelva nedstraums Brusdalsvatnet.



Ålesund kommune har i dag ekspropriasjonsløyve til uttak av inntil 55 000 m³ drikkevatt pr. døgn og regulering av Brusdalsvatnet med 1,35 m mellom kote 25,96 og 24,61. I ekspropriasjonsløyve er det ingen krav til minstevassføring ut frå Brusdalsvatnet.

Ålesund kommune søker om å vidareføre dagens løyve til å ta ut inntil 55 000 m³/døgn råvatn frå Brusdalsvatnet til drikkevassforsyning. Dei søker også om å regulere Brusdalsvatnet mellom HRV 26,12 og LRV 24,77 etter nyaste måling NN2000 (same høgder som tidlegare LRV kote 24,61 og HRV kote 25,96 etter NN1954). Ålesund kommune foreslår eit slepp av minstevassføring på 180 l/s. Kommunen ynskjer at manøvreringsreglement og krav til minstevassføring vert gitt som eit prøvereglement i fem år for å teste ut reglementet i praksis.

NVE skal behandle regulering, vassuttak og inntaksleidning fram til pumpestasjon.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Vedlegg: Orientering til høyringspartane
 Kunngjeringstekst

Mottakarliste:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal
Mattilsynet
Ålesund-Sunnmøre Turistforening
Norsk Ornitologisk Forening avd. Møre og Romsdal
Ålesund Jeger- og Sportsfiskerforening
Norges Miljøvernforbund - Ålesund
ÅLESUND KOMMUNE

Kopimottakarliste:

ÅLESUND KOMMUNE - Bjørn Skulstad

